

## ETNE KONTROLLUTVAL

### INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

**Dato:** måndag 10. februar 2014  
**Tid:** kl. 13.00  
**Sted:** Etne tinghus, formannskapssalen

**Forfall meldes til:** Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: [ogh@kontrollutvalgene.no](mailto:ogh@kontrollutvalgene.no)

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

---

#### SAKLISTE:

**01/14 Godkjenning av protokoll frå møte 18.11.13**

**02/14 Referat- og orienteringssaker 10.02.14**

**03/14 Årsmelding for kontrollutvalet 2013**

**04/14 Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt «VA-området»**

**05/14 Oppfølging av rapport om Øyane ASVO**

#### Eventuelt

Aksdal, 03.02.14

Ståle Tunesvik  
Kontrollutvalsleiar (sign.)



Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær

|                |                     |
|----------------|---------------------|
| Kopi: Ordførar | (møte- og talerett) |
| Revisor        | (møte- og talerett) |
| Rådmann        | (til orientering)   |
| Varamedlem     | (til orientering)   |

| SAKSGANG        |          |         |
|-----------------|----------|---------|
| Utval           | Møtedato | Saks nr |
| Kontrollutvalet | 10.02.14 | 01/14   |
|                 |          |         |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033        |           |

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 18.11.13**

**Saksvedlegg:** Protokoll frå møte 18.11.13

**Saksorientering:**

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 18.11.13 følgjer vedlagt. Protokollen er lest gjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og over sendt kommunen slik han ligg føre.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 18.11.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 03.02.14



Odd Gunnar Høie  
Rådgjevar/utvalssekretær

## ETNE KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Måndag 18. november 2013 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

|                                  |                                                                                |
|----------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------|
| <b>MØTESTAD:</b>                 | Etne Tinghus, møterom 2. etg.                                                  |
| <b>MØTESTART/-SLUTT:</b>         | kl. 13.00 – 15.30                                                              |
| <b>MØTANDE MEDLEMER:</b>         | Lars Ebne (Krf), Ståle Tungesvik(Sp) og Elisebeth Aasheim (Ap)                 |
| <b>FORFALL:</b>                  | Trude Enge (Frp) og Ivan Kaldheim (H)                                          |
| <b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>     | Nils Ramsvik (1. vara)                                                         |
| <b>FORFALL VARAMEDLEMER:</b>     | Nina Kaltwasser (2. vara)                                                      |
| <b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>  | Rådgjevar Odd Gunnar Høie,<br>Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS         |
| <b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>     | Forvaltningsrevisor Kari Hesjedal og partner/<br>revisor Willy Hauge - KPMG AS |
| <b>ANDRE SOM MØTTE:</b>          | Ordførar Sigve Sørheim og rådmann Elling Hetland                               |
| <b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b> | Ingen                                                                          |
| <b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>   | Ingen                                                                          |

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 16/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 30.09.13

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 30.09.13 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 18.11.13:**

Protokollen blei godkjent utan merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.11.13:**

*Protokollen frå møte i kontrollutvalet 30.09.13 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 17/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 18.11.13**

- 26. Orientering om kommunen sine etiske retningslinjer v/rådmannen
- 27. Statusrapport pr. november 2013
- 28. Orientering frå haustkonferansen i Sandnes 7. november
- 29. NKRF Kontrollutvalgskonferanse 5. – 6. februar 2014
- 30. Spørsmål om habilitet i AS og IKS – svar frå KRD
- 31. Kontrollutvalets ansvar og oppgåver
- 32. KPMG inviterer til kommunedag i Sveio 04.12.13 – munnleg orientering i møte

### **Handsaming i kontrollutvalet 18.11.13:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene.

Under pkt. 26 orienterte rådmannen. Retningslinjene var oppdatert og vedtatt av kommunestyret i 2012. Desse var nå felles for dei tilsette og folkevalde. Kommunen har i sitt kvalitetsystem eit eige system for å varsle avvik. Utvalet ynskte å få tilsendt retningslinjene. Utvalet vedtok under punkt 29 at inntil 2 medlem av utvalet kan reise på NKRF sin konferanse. Leiar samordnar påmelding til NKRF-konferansen og til kommunedag i Sveio.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.11.13:**

*Kontrollutvalet tek referatsakene 26 - 32 til orientering. Inntil 2 medlem av utvalet kan reise på NKRF konferansen i februar 2014.*

## **SAK 18/13 ORIENTERING OM BUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2014-2017**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval tar Etne kommune sitt framlegg til budsjett for 2014 og økonomiplan 2014-2017 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 18.11.13:**

Rådmannen orienterte om framlegget til budsjett for neste år og økonomiplanen for dei neste åra. Utvalet hadde nokre spørsmål undervegs og takka rådmannen for ei grundig orientering.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.11.13:**

*Etne kontrollutval tar Etne kommune sitt framlegg til budsjett for 2014 og økonomiplan 2014-2017 til orientering.*

## **SAK 19/13 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - MÅLSTYRING**

### **Sekretariatet si innstilling:**

1. Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om Målstyring og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.

3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

**Handsaming i kontrollutvalet 18.11.13:**

Kari Hesjedal frå KPMG presenterte rapporten dei hadde utarbeidd om målstyringarbeidet i kommunen. Rapporten inneheld ei skildring av målstyringssystemet og ein oversikt over kva som var gjort sidan kommunestyrevedtaket i 2007 om å innføra eit målstyringssystem. Rapporten inneheld også tilrådingar for det vidare arbeidet med systemet. Utvalet hadde nokre spørsmål undervegs, og drøfta om tilrådingane burde vore klårare formulert. Utvalet vart samd om å ikkje endre innstillinga.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.11.13 og innstilling til kommunestyret:**

1. *Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om Målstyring og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

**SAK 20/13 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT**

**Sekretariatet si innstilling:**

Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til neste møte.

**Handsaming i kontrollutvalet 18.11.13:**

Utvalet drøfta ulike område som kunne vere aktuelle. Dei prioriterte prosjekta i planen vart drøfta, samt andre aktuelle tema. Utvalet samla seg om ein forvaltningsrevisjon av VAR-området. Revisor noterte seg innspela.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 18.11.13:**

*Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "VAR – vatn, avlaup og renovasjon". Leiar får mynde til å godkjenne prosjektplanen.*

**YMSE:**

Ingen saker blei meldt.

**Neste møte: måndag 10. februar 2014, kl. 13.00**

Etne/Aksdal, 18. november 2013

Ståle Tunesvik  
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær



| SAKSGANG              |                   |                  |
|-----------------------|-------------------|------------------|
| Utval                 | Møtedato          | Saks nr          |
| Kontrollutvalet       | 10.02.14          | 02/14            |
|                       |                   |                  |
| <b>Saksansvarleg:</b> | <b>Arkivkode:</b> | <b>Arkivsak:</b> |
| Odd Gunnar Høie       | 033               |                  |

**REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.02.14****Saksvedlegg:**

1. Statusrapport pr. februar 2014
2. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes - munnleg
3. Rapport frå NKRF-konferansen, munnleg v/sekretær
4. Årsrapport 2013 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
5. Skatterekneskapen 2013
6. Etiske retningslinjer – Etne kommune
7. Møtet er satt! – handbok i møteleiing frå KS (eige hefte)

**Saksorientering:**

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Referatsakene 1 - 7 vert tatt til orientering.

Aksdal, 03.02.14



Odd Gunnar Høie  
Rådgjevar/utvalssekretær



## Statusoversikt februar 2014 – Kontrollutvalet i Etne

### Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

| Forvaltningsrevisjonar    | Bestilt  | Tidsbruk  | Status                   | Ferdig dato             | Merknader |
|---------------------------|----------|-----------|--------------------------|-------------------------|-----------|
| VA-området                | 22.01.14 | 185 timar | Prosjektplan er godkjent | 12.05.14 eller 22.09.14 |           |
| <b>Selskapskontroller</b> |          |           |                          |                         |           |
|                           |          |           |                          |                         |           |
|                           |          |           |                          |                         |           |
| <b>Andre saker</b>        |          |           |                          |                         |           |
|                           |          |           |                          |                         |           |

### Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

| Forvaltningsrevisjonar                 | Bestilt  | Behandla i KU | Behandla av/dato           | Planlagt oppfølging | Merknader |
|----------------------------------------|----------|---------------|----------------------------|---------------------|-----------|
| Øyane Asvo AS                          | 26.11.12 | 13.05.13      | K-st<br>18.06.13           | 31.12.13            |           |
| Strategi, målstyring og internkontroll | 13.05.13 | 18.11.13      | Klar for handsaming i K-st | Innan 6 mnd.        | 150 timar |
| <b>Selskapskontroller</b>              |          |               |                            |                     |           |
|                                        |          |               |                            |                     |           |
| <b>Andre saker</b>                     |          |               |                            |                     |           |
|                                        |          |               |                            |                     |           |

### Avslutta prosjekter i 2012/2013

| Forvaltningsrevisjonar                 | Bestilt  | Behandla i KU | Behandla av/dato | Følgd opp | Merknader       |
|----------------------------------------|----------|---------------|------------------|-----------|-----------------|
| Plan for forvaltningsrevisjon          | 26.06.12 | 26.11.12      | K-st<br>26.02.13 |           |                 |
| <b>Selskapskontroller</b>              |          |               |                  |           |                 |
| HIM IKS- oppfølging av kontroll i 2011 |          | 15.09.11      | Kst              | 26.11.12  | Brev frå styret |
| Plan for selskapskontroll 2012-2016    |          | 01.10.12      | K-st<br>30.10.12 |           |                 |
| <b>Andre saker</b>                     |          |               |                  |           |                 |
|                                        |          |               |                  |           |                 |

# FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

## Høstkonferansen 2013

Quality Hotel Residence, Sandnes

7. november 2013

### PROGRAM

- 10:00      **Velkommen**  
*Ivar Finnesand – leder av arbeidsutvalget*
- 10:05      **Tilsyn – fylkesmannens rolle, samordning og utfordringer**  
*Grete Flåten, seniorrådgiver/tilsynskoordinator- Fylkesmannen i Rogaland*
- 10:30      Pause
- 10:45      **Samfunnssikkerhet og beredskap – kommunenes ansvar**  
*Reidar Johnsen fylkesberedskapssjef og Grete Flåten, seniorrådgiver/tilsynskoordinator - Fylkesmannen i Rogaland*
- 11:30      Pause
- 11:45      **Høringer**  
*Wencke S. Olsen, daglig leder Rogaland Kontrollutvalgssekretariat*
- 12:20      **Årsmøte 2013 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland**
- 12:30      **Lunsj**
- 13:30      **NAV i kommunene - samhandling, styring, ansvar og oppgaver**  
*Erik Baust, NAV leder Sauda*
- 14:15      Pause
- 14:30      **Rogaland – et korrupsjonsparadis?**  
*Pål Jæger-Pedersen, advokat PwC og Knut Erik Friis, partner PwC*
- 15:15      **Avslutning**

Pris kr 900.- pr. person

Påmelding innen **23. oktober** ved å sende e-post til [mette.jensen.moen@rogfk.no](mailto:mette.jensen.moen@rogfk.no) med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Du kan også melde deg på ved å ringe tlf. 51 51 69 85 / 97 09 03 18. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

**VELKOMMEN!**

For forum for kontrollutvalg i Rogaland  
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,  
Rogaland fylkeskommune



# Onsdag 5. februar

**Møteleder:** Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

Registrering – kaffe / utstilling

## Velkommen

► Daglig leder Ole Kristian Rogndokken, NKRF

## Åpning

► Statssekretær Jardar Jensen (H), Kommunal- og moderniseringsdepartementet

## Kommunereform – om arbeidet, vurderinger og prosesser

► Statssekretær Jardar Jensen (H), Kommunal- og moderniseringsdepartementet

## Erfaringer

► Informasjonsleder Petter Ingeberg, Kristiansund kommune

Lunsj

## Kommunelovutvalget

► Leder for kommunelovutvalget Oddvar Flæte, tidl. fylkesmann i Sogn og Fjordane

## Betrakninger om kommunenes behov

► Ordfører Bente Elin Lilleøkseth (Ap), Løten kommune og nestleder i KS Hedmark

Pause / utstilling

## Rettslig gransking av Troms Kraft AS – hva kan vi lære?

► Siviløkonom og partner Leiv L. Nergaard, Norscan Partners AS, rettslig oppnevnt gransker av Troms Kraft AS

Pause / utstilling

## Helseledere i utakt med etikken – kontrollkomiteens rolle

► Kontrollkomiteleder Rolf Jarle Brøske (H), Trondheim kommune

Pause / utstilling

## Etikk i kommunal sektor

► Filosof Henrik Syse

Middag

– på vakt for fellesskapets verdier

# Torsdag 6. februar

**Møteleder:** Lars Hansen, leder av NKRFs selskapskontroll- og kontrollutvalgskomite og daglig leder, Salten kontrollutvalgsservice

## Fra frisk BRIS til MOTVIND:

Revisjon av en IT-anskaffelse i Trondheim kommune.

Funn – viktige oppfølgingsområder for kontrollutvalgene

► Forvaltningsrevisor Kathrine Moen Bratteng, Trondheim kommune

## Forvaltningsrevisjon – kontroll eller læring?

► Seminarangvarer Bodhild Laastad, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

Pause / utsjekking / utstilling

## Åpne møter – mulighet for å lukke møter. Habilitet

► Avd.direktør Siri Halvorsen, Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Lunsj

## Effektivisering av kommunene. Bruk av statistikk – fallgruver

► Seniorrådgiver Håvard Moe, KS-Konsulent as

Pause / utstilling

## Rådmannens intern kontroll – hva kan kontrollutvalgene forvente?

► Spesialrådgiver Tina Skarheim, KS

## Norge rundt – på kommunestyremøter. En reise i lokaldemokratiet.


► Journalist Tone Holmquist, Kommunal Rapport

## Avslutning

► Styreleder Per Olav Nilsen, NKRF



– på vakt for fellesskapets verdier



## Årsrapport for 2013

# Skatteoppkrevjaren i Etne kommune

## Innhold

|                                                                                   |          |
|-----------------------------------------------------------------------------------|----------|
| <b>1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet .....</b>                         | <b>3</b> |
| 1.1 Skatteoppkreverkontoret.....                                                  | 3        |
| 1.1.1 Ressurser .....                                                             | 3        |
| 1.1.2 Organisering .....                                                          | 3        |
| 1.1.3 Ressursar og kompetanse.....                                                | 3        |
| 1.2 Internkontroll .....                                                          | 4        |
| 1.3 ....Vurdering av skatteinngangen .....                                        | 4        |
| 1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....                        | 4        |
| 1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret .....                    | 5        |
| 1.4 Skatteutvalg .....                                                            | 5        |
| <b>2. Skatteregnskapet.....</b>                                                   | <b>5</b> |
| 2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....                                           | 5        |
| 2.2 Margin.....                                                                   | 5        |
| 2.2.1 Margin for inntektsåret 2012 .....                                          | 5        |
| 2.2.2 Margin for inntektsåret 2013 .....                                          | 5        |
| 2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen.....                                      | 6        |
| <b>3. Innfordring av krav .....</b>                                               | <b>6</b> |
| 3.1 Restanseutviklingen.....                                                      | 6        |
| 3.1.1 Totale restanser og berostilte krav .....                                   | 6        |
| 3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser .....        | 6        |
| 3.1.3 Restanser eldre år.....                                                     | 7        |
| 3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år .....        | 7        |
| 3.2 Innfordringens effektivitet.....                                              | 7        |
| 3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2013.....                         | 7        |
| 3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat .....                  | 8        |
| 3.2.3 Omtale av spesielle forhold .....                                           | 8        |
| 3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen..... | 8        |
| 3.3 Særnamskompetanse.....                                                        | 8        |
| <b>4. Arbeidsgiverkontroll.....</b>                                               | <b>8</b> |
| 4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen .....                                  | 8        |
| 4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....                                     | 8        |
| 4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen.....                                    | 9        |
| 4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen .....                                     | 9        |
| 4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører.....                                      | 9        |
| 4.6 Gjennomførte informasjonstiltak.....                                          | 9        |



## 1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

### 1.1 Skatteoppkreverkontoret

#### 1.1.1 Ressurser

| Ressursfordeling                                                                                             | Årsverk | %-andel fordelt |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------|-----------------|
| Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret |         | 100 %           |
| Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk                                                | -----   | -----           |
| Skatteregnskap                                                                                               |         | 15 %            |
| Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift                                                                   |         | 40 %            |
| Arbeidsgiverkontroll                                                                                         |         | 20 %            |
| Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer                    |         | 15 %            |
| Skatteutvalg                                                                                                 |         | %               |
| Administrasjon                                                                                               |         | 10 %            |
| (Andel fordelt skal være 100 %)                                                                              | Sum     | 100 %           |

#### 1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren i Etne er ei sjølvstendig stilling som faglig ligg under rådmannen. Organisasjonsmessig ligg den i økonomiavdelinga og personalansvaret ligg hos økonomisjefen. Denne organiseringa har vore frå 1. januar i 2011.

#### 1.1.3 Ressursar og kompetanse

Frå og med 1 januar 2013 har tidlegare konsulent skatt overtatt som skatteoppkrevjar. Ho som tidlegare var skatteoppkrevjar har jobba som sakshandsamar skatt i 33% stilling ut året. Pr. 1. januar 2014 er det kun skatteoppkrevjaren som jobbar med alle oppgåvene.

I løpet av 2013 har sakshandsamar tatt seg av dei personlege skatteytarane. Skatteoppkrevjaren har totalansvaret men har jobba spesielt med arbeidsgjevarane og utleggsforretningar. I tillegg har han vore med på arbeidsgjevarkontrollene. Vi kjøper framleis kontrollar frå Hordaland kommunale regnskapskontroll.

Den nye skatteoppkrevjaren har tatt seg av all rapportering i 2013. Sida det er første gong han har ansvar for årsrapport 2013 vil han ha behov for litt lengre tid. For å hjelpe skatteoppkrevjaren med å attestere og godkjenne utbetalningar, er det 3 personar som er autorisert til dette. I skatteoppkrevjaren sitt fråvær kan 2 personer utføre enkle oppgåver som for eksempel utskrift av skatteattester, reskontrooversikt og noko informasjon. En egen oppskrift er laget til dette formålet. Ved ferier og anna fråvær er me litt meir sårbare enn før. Løsningen på sikt kan være et samarbeid med nabokommunen Vindafjord; men dette er ikkje klarlagt ennå.

## 1.2 Internkontroll

- 1.2.1 Rutinebeskrivelsen for kontoret er på plass. Den vil bli gått gjennom og ajourholdt vidare.
- 1.2.2 Ved utbetaling i bank er det alltid to som godkjenner. Ved anvisning og godkjenning i Sofie når utbetalinga er over kr 50.000,- er me og to personar

## 1.3 Vurdering av skatteinngangen

### 1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

Årsrekneskap for Etne kommune for rekneskapsåret 2013. Avlagt etter kontantprinsippet

|                   |                                               | 2013                | 2012                |
|-------------------|-----------------------------------------------|---------------------|---------------------|
|                   | Likvider                                      | 30 908 336          | 29 210 720          |
|                   | Skyldig skattekreditorene                     | -2 080 496          | -2 902 491          |
|                   | Skyldig andre                                 | -110 695            | -17 075             |
|                   | Innestående margin                            | -28 717 142         | -26 291 151         |
|                   | Udisponert resultat                           | -3                  | -3                  |
| <b>Sum</b>        |                                               | <b>0</b>            | <b>0</b>            |
|                   | Arbeidsgiveravgift                            | -61 560 449         | -56 333 185         |
|                   | Personlige skatteyttere                       | -307 015 469        | -286 104 771        |
|                   | Selskapsskatt                                 | -16 591 092         | -19 578 114         |
|                   | Renter                                        | -268 580            | 136 203             |
|                   | Innfordring                                   | 39 996              | 16 489              |
| <b>Sum</b>        |                                               | <b>-385 395 594</b> | <b>-361 863 379</b> |
|                   | Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift | 61 560 449          | 56 333 185          |
|                   | Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift      | 82 778 102          | 76 715 352          |
|                   | Fordelt til Fylkeskommunen                    | 20 015 653          | 18 365 952          |
|                   | Fordelt til kommunen                          | 92 650 233          | 86 976 000          |
|                   | Fordelt til Staten                            | 128 396 600         | 123 472 890         |
|                   | Krav som er ufordelt                          | 0                   | 0                   |
|                   | Videresending plassering mellom kommuner      | -5 443              | 0                   |
| <b>Sum</b>        |                                               | <b>385 395 594</b>  | <b>361 863 379</b>  |
| <b>Sum totalt</b> |                                               | <b>0</b>            | <b>0</b>            |

Denne rapporten viser at den totale skatteinngangen har hatt ein auke på 6,51 % frå 2012 til 2013. I forrige år hadde me ein auke på 6,35 %.

Skatteinngangen frå personlege skattyterar har auka med 7,31%, arbeidsgjevaravgift har auka med 9,28%; mens selskapsskatten har gått ned med kr 2.987.022 ; en nedgang på 15,26%.

### 1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Fordelt til kommunen i 2013 er kr 92 650 233 mot tilsvarende i 2012, kr 86 976 000 Dette er ein auke av kommunen sin andel på kr 5 674 233 ( 6,53 %) i forhold til året før.

Kommunen sin andel av den totale skatteinngangen er 24 % i 2013. Det er den same prosentfordelingen som i 2012 . Fordelt beløp til Staten i 2013 hatt ein auke på kr.4 923 710 som er 3,99%.

### 1.4 Skatteutvalg

Det er ikkje kommet inn saker som skal oversendast skatteutvalet i 2013

## 2. Skatteregnskapet

### 2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

#### Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Etne kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2013 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjere § 3-1.

Årsrekneskapet for 2013 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

### 2.2 Margin

#### 2.2.1 Margin for inntektsåret 2012

Innestående margin for inntektsåret 2012, pr. 31.10.2013      kr 0

For lite avsatt margin for inntektsåret 2012                      kr 1 771 157

#### Marginprosent

Prosentsats marginavsetning: 10 %. Gyldig fra: 01.05.1997

#### 2.2.2 Margin for inntektsåret 2013

Marginavsetning for inntektsåret 2013, pr. 31.12. 2013      kr 28 717 142

Gjeldende prosentsats marginavsetning: 10 % Gyldig fra: 01.05.1997

## 2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen

Etne kommune hadde eit underskot på marginen for 2012 på kr 1 771 157. Tilsvarende tall for 2011 var eit underskot på kr. 3.320.102. Me kan då sjå at marginen har bedra seg med kr 1.548.945. Kommunestyret har ikkje vedtatt noen endring i prosentsatsen for marginavsetning i løpet av året.

## 3. Innfordring av krav

### 3.1 Restanseutviklingen

#### 3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

| Skatteart                                                    | Restanse<br>31.12.2013 | Herav<br>berostilt<br>restanse<br>31.12.2013 | Restanse<br>31.12.2012 | Herav<br>berostilt<br>restanse<br>31.12.2012 | Endring i<br>restanse<br><br>Reduksjon (-)<br>Økning (+) | Endring i<br>berostilt<br>restanse<br><br>Reduksjon (-)<br>Økning (+) |
|--------------------------------------------------------------|------------------------|----------------------------------------------|------------------------|----------------------------------------------|----------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------|
| <b>Sum restanse<br/>pr. skatteart</b>                        | 9 233 324              | 68 304                                       | 10 198 211             | 68 304                                       | -964 887                                                 | 0                                                                     |
| Arbeidsgiveravgift                                           | 318 149                | 0                                            | 327 755                | 0                                            | -9 606                                                   | 0                                                                     |
| Artistskatt                                                  | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | 0                                                        | 0                                                                     |
| Forsinkelsesrenter                                           | 218 358                | 0                                            | 508 643                | 0                                            | -290 285                                                 | 0                                                                     |
| Forskuddsskatt                                               | 0                      | 0                                            | 155 997                | 0                                            | -155 997                                                 | 0                                                                     |
| Forskuddsskatt<br>person                                     | 3 128 150              | 0                                            | 1 862 772              | 0                                            | +1 265 378                                               | 0                                                                     |
| Forskuddstrekk                                               | 14 043                 | 0                                            | 340 720                | 0                                            | -326 677                                                 | 0                                                                     |
| Gebyr                                                        | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | 0                                                        | 0                                                                     |
| Innfordringsinntekter                                        | 64 824                 | 1 470                                        | 41 232                 | 1 470                                        | +23 592                                                  | 0                                                                     |
| Inntekt av summarisk<br>fellesoppgjør                        | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | 0                                                        | 0                                                                     |
| Kildeskatt                                                   | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | 0                                                        | 0                                                                     |
| Restskatt                                                    | 600                    | 0                                            | 83 184                 | 0                                            | -82 584                                                  | 0                                                                     |
| Restskatt person                                             | 5 489 200              | 66 834                                       | 6 877 908              | 66 834                                       | -1 388 708                                               | 0                                                                     |
| <b>Sum restanse<br/>diverse krav</b>                         |                        |                                              |                        |                                              |                                                          |                                                                       |
| Diverse krav                                                 | 0                      | 0                                            | 0                      | 0                                            | 0                                                        | 0                                                                     |
| <b>Sum restanse<br/>pr. skatteart<br/>inkl. diverse krav</b> | 9 233 324              | 68 304                                       | 10 198 211             | 68 304                                       | -964 887                                                 | 0                                                                     |

#### 3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Totale restanser har hatt ein nedgong på kr. 964 887 i forhold til 2012. Berostilte krav er uendra.

Restanse på arbeidsgjevaravgift er blitt redusert med kr. 9 606 i forhold til 2012. Denne restansen gjeld 6 stk. arbeidsgjevarar og mesteparten gjeld år 2013. Forskuddstrekket er redusert med 326 677 i forhold til 2012. Stort sett er all restanse på arbeidsgjevarar pr. 31.12.2013, totalt kr 332.192, blitt innbetalt i januar 2014.

Restanse på forskuddsskatt er blitt redusert til kr. 0; ein nedgong på kr 155 997 i forhold til 2012.

Forskuddsskatt person har framleis ein stor restanse, og den har auka med kr 1.265 378 i forhold til 2012. Av restansen på kr. 3 128 150 er kr. 1 373 340 forskuddsskatt som er utskrevet i tidlegare år, frå 2000 til 2012 og gjeld 4 skatteytarar. Mesteparten av denne restansen er urealistisk å få innkrevd.

Restskatt person har ein nedgong på kr 1 388 708 i forhold til 2012.

Av den totale restansen på restskatt person kr. 5 489 200 gjeld ca. 40% (ca. kr. 2 195 000) berre to skatteytarar og dei eldste går tilbake til 1990. Her er innkrevjinga urealistisk.

Utgiftsførte krav er kr 551 som gjelder tilbakeførsel av restanse frå 2006.

Det har vore nedsetjing av pensjonsgivande inntekt på tilsaman kr. 745 585 det siste året; gjelder avskrivning på forfalte beløp restskatt, person, for årene 2005 – 2008.

Sum utlikna skatt person var i 2012 på kr. 285 599 247

Sum utlikna skatt person var i 2011 på kr. 271 240 482

Det gjev ei auke på utlika skatt på kr. 14 358 765 som er 5,3%

Arbeidsgjevaravgiften var i 2013 på kr. 61.560 449 som er ei auke på kr. 5 227 264 som er 9,28%.

### 3.1.3 Restanser eldre år

| Inntektsår  | Sum restanse (debet) | Herav skatteart "Restskatt – person" |
|-------------|----------------------|--------------------------------------|
| 2011        | 654 470              | 355 383                              |
| 2010        | 370 621              | 76 458                               |
| 2009        | 313 748              | 246 214                              |
| 2008 – 1988 | 4 587 930            | -----                                |

### 3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Den totale restansen for eldre år frå 2011 til 1988 er blitt redusert med kr. 1 326 520 som er 18,29% nedgong frå siste året.

Eldre restanser med vesentleg størrelse, vert alltid sikra med utpanting. I tillegg vert dei følgde opp med innkreving. Dialogen med skatteytarane er svært god.

Me legg inn påleggstrekk der det er muleg og elles prøver me å få til nedbetalingsavtalar.

Korleis utviklinga på dei ulike år har vore frå 2011 til 2012 er vanskeleg å sei på grunn av at det er kjørt rettingar på eldre år. Me sliter med gamle restanser og som nevnt under punkt 3.1.2 er det urealistisk å få disse kravene innkrevd.

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2013: 3

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2013: Kr 218 370

Gjelder restskatt, person 2009

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav"

dato t.o.m. 31.12.2013. Det er ikkje utført noen ny aktivitet før 31.12.2013 på disse kravene som nevnt ovanfor. Me anser desse kravene som urealistisk å krevje inn.

## 3.2 Innfordringens effektivitet

### 3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2013

Resultat ser svært bra ut. Sjå utdrag av rapportering til skattekontoret pr. 31.12.13 nedanfor:

| Innbetalt av sum krav siste år for inntektsår 2011 og 2012              | Resultat pr. 31.12.13 | Resultat krav | Differanse |
|-------------------------------------------------------------------------|-----------------------|---------------|------------|
| Restskatt person 2011                                                   | 97,1 %                | 96,3 %        | +0,8 %     |
| Forskuddstrekk 2012                                                     | 100,0 %               | 99,9 %        | +0,1 %     |
| Forsk.skatt pers.skatteytare 2012                                       | 99,2 %                | 98,8 %        | +0,4 %     |
| Forsk.skatt upers.skatteytare 2012                                      | 100,0 %               | 99,6 %        | +0,4 %     |
| Restskatt for upers.skatteytare 2011                                    | 100,0 %               | 99,5 %        | +0,5 %     |
| Arb.gj.avgift 2012                                                      | 100,0 %               | 99,9 %        | +0,1 %     |
| Innfordret restskatt, pers. av sum krav til innfordring.                | 66,3 %                | 70,0 %        | -3,7 %     |
| <u>Resultatet kunne vært bedre: Vi skal øke fokus på gml.restanser.</u> |                       |               |            |



### **3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat**

Me tar våre utleggsforretningar sjølve med vår særnamskompetanse. Me ser gode resultater på innkrevjinga og alle nye krav blir følgde tett opp. I 2013 hadde vi i alt 32 utleggsforretninger. Eldre krav blir også fulgt opp og vi tar ut lister som blir gjennomgått. Vi søker etter arbeidsgjevarar og tar kontakt med Nav om muligheter for om nokon har utbetalningar frå dei.

### **3.2.3 Omtale av spesielle forhold**

Det har ikkje vært mange store endringssaker som har hatt innvirkning på resultatet i 2013

### **3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen**

Frå 1. januar 2013 er det ny skatteoppkrevjar. Han har jobba som konsulent på skatt sida juni 2009 i tillegg til andre oppgåver i økonomiavdelinga. Tidlegere skatteoppkrevjar har jobba i redusert stilling (33%). I 2014 er skatteoppkrevjaren aleine om oppgåvene. Dette vil ikkje gå utover innkrevjinga då andre oppgåver i økonomiavdelinga blir redusert. Den nye skatteoppkrevjaren er opptatt av god struktur og planlegging som bidrar til gode resultat.

## **3.3 Særnamskompetanse**

Sjå punkt 3.2.2

## **4. Arbeidsgiverkontroll**

### **4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen**

Samarbeidet med Hordaland Kommunale regnskapskontroll blei vidareført med same ressurs som i 2012. I tillegg brukar me egne ressursar frå kontoret til kontrollar.

### **4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller**

Antall planlagte kontroller for 2013: 9

Som utgjør: 5 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller 2013: 5

Som utgjør: 2,8 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Det var varslet 4 stk. bokettersyn i midten av desember 2013. 2 kontroller er foretatt men rapportene er ikke innsendt til Skatt Vest; elles vil 2 av kontrollene blir overført til februar 2014. Alle kontrollene går da inn i statistikken for 2014.

Antall gjennomførte kontroller i 2012: 8

### **4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen**

Det er ikkje avdekka noko kritikkverdige forhold.

### **4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen**

Hordaland Kommunale regnskapskontroll har gjennomført 5 bokettersyn for oss og det er blitt brukt 106 kontrolltimer. Pr. 31.12.2013 har me ein saldo på 103 timer som kan brukast til nye kontroller i 2014. Vi har en dårlig måloppnåelse i 2013 da 4 av kontrollene blir overført til 2014. Det er planlagt nye 9 kontroller i 2014 i tillegg til de som er overført fra 2013.

### **4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører**

Skatteoppkrevjaren i Etne har ikkje deltatt i fellesaksjonar i 2013. Det har heller ikkje vore henvendelser frå skattekontoret ang. utvelgelse av objekt eller anna som gjeld kontrollar.

### **4.6 Gjennomførte informasjonstiltak**

Det har ikkje vore gjennomført spesielle informasjonsvedtak på arbeidsgjevarkontrollen i vår kommune. Arbeidsgjevarar, nye og gamle som henvender seg til vårt kontor, får veiledninga som dei har bruk for. Kan me ikkje svara, vert dei henviste til rett kontor.

Sted/dato: Etne 23.01.2014



**ETNE KOMMUNE**  
Skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjarens signatur

**Vedlegg:** Årsregnskapet for 2013 - signert av skatteoppkreveren.

**Årsrekneskap for Etne kommune for rekneskapsåret 2013.**  
**Avlagt etter kontantprinsippet**

|                   |                                               | Valgt år            | Forrige år          |
|-------------------|-----------------------------------------------|---------------------|---------------------|
|                   | Likvider                                      | 30 908 336          | 29 210 720          |
|                   | Skyldig skattekreditorene                     | -2 080 496          | -2 902 491          |
|                   | Skyldig andre                                 | -110 695            | -17 075             |
|                   | Innestående margin                            | -28 717 142         | -26 291 151         |
|                   | Udisponert resultat                           | -3                  | -3                  |
| <b>Sum</b>        |                                               | <b>0</b>            | <b>0</b>            |
|                   | Arbeidsgiveravgift                            | -61 560 449         | -56 333 185         |
|                   | Personlige skatteyttere                       | -307 015 469        | -286 104 771        |
|                   | Selskapsskatt                                 | -16 591 092         | -19 578 114         |
|                   | Renter                                        | -268 580            | 136 203             |
|                   | Innfordring                                   | 39 996              | 16 489              |
| <b>Sum</b>        |                                               | <b>-385 395 594</b> | <b>-361 863 379</b> |
|                   | Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift | 61 560 449          | 56 333 185          |
|                   | Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift      | 82 778 102          | 76 715 352          |
|                   | Fordelt til Fylkeskommunen                    | 20 015 653          | 18 365 952          |
|                   | Fordelt til kommunen                          | 92 650 233          | 86 976 000          |
|                   | Fordelt til Staten                            | 128 396 600         | 123 472 890         |
|                   | Krav som er ufordelt                          | 0                   | 0                   |
|                   | Videresending plassering mellom kommuner      | -5 443              | 0                   |
| <b>Sum</b>        |                                               | <b>385 395 594</b>  | <b>361 863 379</b>  |
| <b>Sum totalt</b> |                                               | <b>0</b>            | <b>0</b>            |

Etne, 23.01.2014

**ETNE KOMMUNE**  
 Skatteoppkrevjaren

Thorbjørn Jacobsen  
 Skatteoppkrevjar

### Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

### **Sumlinjene i årsregnskapet**

- **Likvider**  
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**  
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.  
  
Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**  
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**  
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**  
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrasket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**  
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**  
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.



# Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Etne kommune

Vedtatt i K-sak 062/12, 18.09.12

## 1. Føremål

Etne kommune ynskjer å vera ein utviklingsorientert organisasjon med gode etiske haldningar og handlingar hjå tilsette og folkevalde. Dei etiske retningslinjene skal vera ein rettleiar for god etisk praksis og refleksjon i alle situasjonar. Tilsette og folkevalde skal utføra sine oppgåver og opptre på ein måte som fremjar Etne kommune sine felles interesser framfor særinteresser. Dei skal bidra til å gje kommunen eit positivt omdømme som vekker tillit hjå alle innbyggjarane i tråd med lover, reglar, kommunen sitt verdigrunnlag og politiske vedtak.

## 2. Verdigrunnlag

Etne kommune er både ein organisasjon og eit lokalsamfunn med MOT. Følgjande kjerneverdier skal liggja i botn for handlingane i Etne kommune:

**«VIS MOT – VER TRYGG, RAUS OG ENGASJERT».**

Med desse verdiane skal ein skapa ein trygg organisasjon, som fremjar menneskeverd, likeverd og respekt.

## 3. Samfunnsansvar

Etne kommune skal leggja til rette for god offentleg tenesteyting, service og informasjon. Kommunen skal vera ein god organisasjon å arbeida i for serviceorienterte medarbeidarar som gir kommunen godt omdømme. Dei folkevalde skal medverka til at tilsette og innbyggjarane føler seg trygge og verdifulle, slik at dei blir i stand til å ta vare på seg sjølv. Det skal leggjast vekt på å ha økonomisk handlefridom ved hjelp av ei heilskapleg og målstyrt drift.

## 4. Mynde

Mynde gitt gjennom tillitsverv eller stilling skal ikkje brukast for å oppnå personleg vinning eller fremja personlege interesser. Mynde skal brukast med særleg varsemd overfor dei som har små ressursar og som vanskeleg kan hevda rettane sine.

## 5. Ytringsfridom og varsling

Tilsette i Etne kommune kan på lik linje med andre innbyggjarar ta del i diskusjonar om lokale politiske spørsmål. På eigen arbeidsplass skal ein vera lojal mot Etne kommune sine mål og interesser. Kritikkverdige forhold bør takast opp, slik at dei kan betrast.

## 6. Informasjon og kommunikasjon

Kommunen må syta for god informasjonsflyt i all sakshandsaming, munnleg og skriftleg, og at alle som saka gjeld kjem til orde. Alle tilsette skal gje påliteleg informasjon, opptre sakleg, tillitvekkande og innanfor gjeldande regelverk.

Det skal leggjast til rette for ein open kommunikasjon og refleksjon om etiske dilemma i alle einingane og politiske forum. Fortrueleg informasjon må respekterast og ikkje brukast til personleg vinning eller til skade for andre. Alle tilsette signerer erklæring på teieplikt ved tilsetjing i Etne kommune og forpliktar seg å følgja denne. Dei folkevalde pliktar å gjere seg kjent med teieplikt for folkevalde.

## 7. Habilitet, personlege fordelar og gåver

Tilsette og folkevalde skal aktivt unngå å setta seg i situasjonar som kan føra til samanblanding eller konflikt mellom kommunen sine interesser og eigne interesser, der personlege fordelar / eiga vinning kan føra til habilitetsproblem, eller der omverda kan oppfatta at fordelane påverkar avgjerda. Om ein likevel skulle komma i situasjonar der slike interessekonfliktar kan skje, er det den det gjeld sitt ansvar å informera nærmaste leiar/politiske organ for å avklara situasjonen.



ETNE KOMMUNE



Tilsette kan ikkje ta imot gåver eller andre personlege fordelar som kan verke inn på utøving av tenesta. Dette omfattar også gunstige tilbod knytt til reiser og opphald i samband med etablering av økonomiske avtalar. Gåver av mindre verdi kan likevel akseptast i samråd med nærmaste leiar. Moderate formar for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidsforhold og kan akseptast på same vis i enkelthøve. Det er akseptert å delta i og by på mat og underholdning i samband med delegasjonsbesøk og representasjon som ikkje vedkjem innkjøp til kommunen og som skjer innanfor eit vanleg akseptert omfang.

Med mindre gåva er av ubetydeleg verdi, pliktar tilsette i Etne kommune å gi avkall på gåver og testamentariske gåver frå brukarar av kommunale tenester til kommunen, sjølv om gåva ikkje kan påverka tenesteyting. Testamentariske gåver som blir gitt til kommunen generelt kan akseptast.

## 8. Forretningsetikk

Det skal leggjast vekt på å byggja tillit hjå innbyggjarar, brukarar og leverandørar. Tilsette skal ha kunnskap om og etterleva lov og forskrifter om offentleg innkjøp og kommunen sitt eige regelverk.


Tilsette i kommunen kan ikkje tilby private varer og tenester til kommunale verksemdar. Dei folkevalde skal heller ikkje tilby private tenester til kommunalt tilsette som dei har kontakt med som folkevaldrepresentant.

Tilsette i Etne kommune skal ikkje gjera bruk av kommunen sine innkjøpsavtalar. Det skal heller ikkje gjerast privat bestilling frå leverandørar dei tilsette har kontakt med som representant for kommunen, når dette kan skapa tvil om samanblanding av offentlege og private midlar.

## 9. Etikk i praksis

Etisk haldning må få gjennomslag i praktisk handling m.a. ved å:

- Visa omtanke og respekt for både dei tilsette og dei folkevalde sine roller og plikter.
- Praktisera og respektera at alle har ytringsfridom som privatpersonar, også om tilhøve som omhandlar kommunen.
- Leggja fram saker som skal handsamast bak lukka dører i versjonar der teiepliktige opplysningar er utelate.
- Uttala seg om saker etter eit lukka møte utan å røpa einskildopplysningar som må haldast hemmelege av omsyn til lovbestemt teieplikt.
- Vurdera alle gåver eller andre personlege fordelar, og returnere/avvise med å vise til kommunen sine etiske retningslinjer viss den er av større verdi.
- Systematisk gjennomføra etiske refleksjonar på arbeidsplassen eller politiske fora som sikrar at retningslinjene er lest og forstått av alle og for å utvikla ein felles etisk standard.
- Å ta opp saka der ho høyrer heime (rett tenesteveg) – og berre der.
- Seia tydeleg frå når du meiner grunnleggjande vilkår for å gjera jobben ikkje er til stades. Dette gjeld også konsekvensar av politiske eller administrative vedtak.
- Gjere opne vurderingar kring spørsmål om skjønn.
- Vurdera å erklære seg inhabil i ei sak der omverda kan oppfatte deg som det, sjølv om ein ikkje er inhabil juridisk sett.
- Argumentere tydeleg for eigne synspunkt før ei avgjerd vert teken, men etterpå akseptera avgjerda og gjennomføringa av den.
- Vera lojal mot inngåtte avtalar.
- Ved varsling om kritikkverdige forhold bør ein først nytta internt (elektronisk) varslingsystem, men tilsette har rett til å varsle offentleg når dette er føremålstenleg.





| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 10.02.14 | 03/14      |
|                 |          |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 033        |           |

## ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2013

**Saksvedlegg:** framlegg til årsmelding for kontrollutvalet 2013

**Saksorientering:**

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2013 følger vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2013 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2013.

### OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2013 frå kontrollutvalet til orientering.


Aksdal, 03.02.14



Odd Gunnar Høie  
Rådgjevar/utvalssekretær

# KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2013



KONTROLLUTVALET I  
ETNE KOMMUNE

---

## INNLEIING

---

Kapittel 12 i kommunelova omtalar internt tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

---

### 1. OM KONTROLLUTVALET

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

---

### 2. MEDLEMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Etter valet i 2011 blei talet på medlem i utvalet auka til 5.

For perioden 2011-2015 har Etne kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

#### **Faste medlemmer:**

|           |                          |
|-----------|--------------------------|
| Leiar     | <b>Ståle Tungesvik</b>   |
| Nestleiar | <b>Lars Ebne</b>         |
| Medlem    | <b>Trude Enge</b>        |
| Medlem    | <b>Elisebeth Aasheim</b> |
| Medlem    | <b>Ivan Kaldheim</b>     |

#### **Varamedlem:**

- 1. Nils Ramsvik**
- 2. Nina Kaltwasser**
- 3. Kirsten H. Andreassen**

Liv Ellen Ebne sat også i kommunestyret. Ho gjekk ut av utvalet hausten 2012. Utvalet har difor ikkje lengre ein fast representant som sit i kommunestyret.

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama. Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt på 3 av møta. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han har møtt på 2 av møta.

---

### 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2013

---

Kontrollutvalet har i 2013 hatt 4 møte fordelt på to om våren og to om hausten.

Utvalet har hatt 20 saker til handsaming, kor 5 saker blei sendt til kommunestyret. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet og saker til orientering.

Møta i kontrollutvalet vart haldne for lukka dører fram til 01.07.13. Frå denne dato vart loven endra slik at møta til alle kontrollutval blir no haldne for opne dører. (Kommunelova § 77).

Ståle Tungesvik og Lars Ebne deltok på haustkonferansen til Forum for kontrollutvalg i Rogaland, den 7. november 2013 i Sandnes. Det var ingen frå utvalet som deltok på NKRF sin årskonferanse i februar eller på FKT sin konferanse i juni.

---

### 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

---

#### 4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 13. mai 2013 kommunen sin årsrekneskap for 2012 til handsaming. I kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen blei det ikkje tatt atterhald eller presisering. Utvalet gav slik uttale:

*Kontrollutvalet i Etne vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2012 slik den ligg føre:*

*Etne kommune sin årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 3,7 millionar.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med rundt 12,2 million kroner.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.*

*Kontrollutvalet i Etne har ingen merknader til Etne kommune sin rekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjersbrev og revisjonsmeldinga.*

Utvalet har fått Årsmelding og skatteregnskap frå Skatteoppkrevjaren i Etne til orientering.

## 4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedteke av kommunestyret på nyåret 2013.

Utvalet handsama på møte 18.11.13 rapport frå forvaltningsrevisjon av «Målstyring» laga av KPMG. I rapporten kom revisjonen med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

*1. Einingane bør adressere utfordringane som dei opplever med strategikartet på leiarforum og initiere avklaringar i forhold til forslag til løysingar på utfordringane. Løysingar kan forankrast i leiarforum og dokumenterast i referat frå møte.*

*2. Kommunen bør vurdere å endre måten kommunen arbeider på med utvikling og iverksetting av målstyringssystemet. Kommunen bør vurdere å organisere arbeidet som eit prosjekt i linja og eventuelt med bistand frå ein ekstern prosjektleiar.*

Rapporten er oversendt kommunestyret for handsaming i 2014.

## 4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei vedteken av kommunestyret 30.10.12.

Utvalet har i samarbeid med kontrollutvalet i Vindafjord gjort ein selskapskontroll av Øyane Asvo. Kontrollen blei utført av KPMG og rapporten blei handsama på møte 13.05.13. Revisjonen gjorde ein del funn og gav fleire anbefalingar. Kommunestyret handsama rapporten på møte 18.06.13 og fylgde kontrollutvalet sine tilrådingar. Frist for tilbagemelding til utvalet om oppfølging blei sett til 31.12.13.

## 4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret vedtok å inngå avtale med KPMG AS som revisor i 2012. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Willy Hauge med kontor på Stord. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og ein eller fleire revisorar har møtt på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

## 4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker. Utvalet har og blitt orientert om budsjettframlegg, samansetning av kontrollutvalet, og etiske retningslinjer.



#### 4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2013.

| ANSVAR 1100                   | REGNSKAP<br>2013 | BUDSJETT<br>2013 |
|-------------------------------|------------------|------------------|
| Godtgjersle og driftsutgifter | 57 670           | 84 586           |
| Revisjonstenester             | 256 357          | 365 000          |
| Sekretariatstenester          | 141 000          | 141 000          |
| Sum utgifter                  | 455 027          | 590 586          |

Kontrollutvalet handsama hausten 2013 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2014. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 609 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

#### 4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2013, som tidligere år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Fast utvalssekretær har vore Odd Gunnar Høie.

Sekretariatet har i løpet av 2013 oppgradert sine heimesider. Nå blir mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar lagt ut på heimesidene fortløpande.

Frå Etne kommune er Ståle Tungesvik vald til representantskapet i IKS'et med Liv Ellen Ebne som varamedlem. Tungesvik var til stades på representantskapsmøtet 07.05.13.

---

#### 5. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2013 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram 2 rapportar, administrasjonen og ordførar har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Etne, 10. februar 2014

Elisebeth Aasheim

Ståle Tungesvik  
Leiar

Lars Ebne  
Nestleiar

Trude Enge

Ivan Kaldheim

## VEDLEGG

---

### OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

---

#### Saker til handsaming:

- 01/13 Godkjenning av protokoll frå møte 26.11.12
- 02/13 Referat- og orienteringssaker 25.02.13
- 03/13 Årsmelding for kontrollutvalet 2012
- 04/13 Utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2013
  
- 05/13 Godkjenning av protokoll frå møte 25.02.13
- 06/13 Referat- og orienteringssaker 13.05.13
- 07/13 Etne kommune sitt årsrekneskap for 2012 – kontrollutvalet sin uttale
- 08/13 Rapport frå forvaltningsrevisjon av Øyane Asvo
- 09/13 Utkast til prosjektpå forvaltningsrevisjon av «Strategi, målstyring og internkontroll»
  
- 10/13 Godkjenning av protokoll frå møte 13.05.13
- 11/13 Referat- og orienteringssaker 30.09.13
- 12/13 Revisor si eigenerklæring 2013
- 13/13 Plan for rekneskapsrevisjon 2013
- 14/13 Budsjett for kontroll og tilsyn 2014
- 15/13 Møteplan 2014
  
- 16/13 Godkjenning av protokoll frå møte 30.09.13
- 17/13 Referat- og orienteringssaker 18.11.13
- 18/13 Orientering om budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017
- 19/13 Forvaltningsrevisjonsrapport - Målstyring
- 20/13 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

## Saker til orientering:

1. Årsrapport og årsregnskap for 2012 – frå Skatteoppkreveren i Etne kommune
2. Kommunestyrevedtak 18.12.12, sak 082/12 – budsjett for kontroll og tilsyn 2013
3. Søknad om fritak – suppleringsval – Martin Gulliksen
4. FKT medlemsbrev nr. 2/12
5. Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak
6. Statusoversikt for kontrollutvalet pr. februar 2013
7. Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Etne kommune
  
8. Statusrapport pr. mai 2013
9. Kommunestyrevedtak 26.02.13, sak 017/13 – Plan for forvaltningsrevisjon
10. Protokoll frå representantskapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
11. Protokoll frå representantskapsmøte i Interkommunalt arkiv Hordaland
12. Representantskapsmøte – 07.05.13-Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
13. Innkalling til representantskapsmøte – 15.05.13- HIM IKS
14. Representantskapsmøte – 28.05.13 – Krisesenter Vest IKS
15. Pressemelding frå KRD - Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane
16. Orientering frå rådmannen/fylkesmannen om suppleringsval
  
17. Statusrapport pr. september 2013
18. Rekneskapsrapport pr. september 2013 – kontroll og tilsyn
19. Kommunestyrevedtak 18.06.13, sak 039/13 – rapport Øyane Asvo as
20. FKT-konferansen 2014 i Haugesund, på Rica Maritim
21. Endring av ansvarleg rekneskapsrevisor
22. Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m.
23. Kommunebarometeret – tabell 2013
24. Handbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen! (eige hefte)
25. Haustkonferansen i Sandnes – 7. november 2013
  
26. Orientering om kommunen sine etiske retningslinjer v/ rådmannen
27. Statusrapport pr. november 2013
28. Orientering frå haustkonferansen i Sandnes 7. november
29. NKRF Kontrollutvalgskonferanse 5. – 6. februar 2014
30. Spørsmål om habilitet i AS og IKS – svar frå KRD
31. Kontrollutvalets ansvar og oppgåver

| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 10.02.14 | 04/14      |
|                 |          |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 216        |           |

**FRAMLEGG AV PROSJEKTPLAN – «VA-OMRÅDET»**

**Saksvedlegg:**           Prosjektplan «VA-området»- frå KPMG, datert 09.01.14

**Bakgrunn:**

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Utvalet gjorde følgjande vedtak på møte 18.11.13, sak 20/13:

*Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "VAR – vatn, avlaup og renovasjon".*

*Leiar får mynde til å godkjenne prosjektplanen.*

**Saksorientering:**

Utvalsleiar og sekretariatet fekk oversendt framlegg til prosjektmandat frå KPMG den 13.01.14. I fylgje utvalet sitt vedtak i november fekk leiar mynde til å godkjenna prosjektplanen.

Leiar gjorde i samråd med andre i kommunen og sekretariatet nokre endringar undervegs. Prosjektplanen blei endeleg godkjent med endringane den 22.01.14.

Samla timeforbruk er sett til 185 timar, det vil seie ein kostnad på rundt 190 000 kr eks. mva.

I frå den opphavlege prosjektplanen blei følgjande problemstilling tatt vekk:


*«Korleis er gebyrnivået i kommunen samanlikna med andre, samanliknbare kommunar?»*

Timeforbruket blei redusert med 15 timar som følgje av denne endringa. Utvalet kan ta stilling til om ein ynskjer å føya til denne problemstillinga igjen, noko som er fullt mogleg i følgje KPMG.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Etne kontrollutval tiltar prosjektplanen for forvaltningsrevisjon av «VA-området» slik den ligg føre/med desse endringane.....

Aksdal, 03.02.14



Odd Gunnar Høie  
Rådgjevar/utvalssekretær





cutting through complexity™

Haugaland  
Kontrollutvalgsekretariat IKO  
Mottatt dato: 22.01.14  
Journalført: 14/9/oglu  
Arkivkode: 216  
NY VERSION

# Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

## “VA-området”

Etne Kommune

09. januar 2014





# Innhald

|          |                                               |          |
|----------|-----------------------------------------------|----------|
| <b>1</b> | <b>Innleiing</b>                              | <b>1</b> |
| 1.1      | Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt            | 1        |
| 1.2      | Bakgrunn                                      | 1        |
| 1.3      | Førebuingar                                   | 1        |
| <b>2</b> | <b>Føremål, problemstillingar og kriteria</b> | <b>3</b> |
| 2.1      | Føremål og avgrensingar                       | 3        |
| 2.2      | Problemstillingar                             | 3        |
| <b>3</b> | <b>Revisjonskriteria</b>                      | <b>4</b> |
| <b>4</b> | <b>Tilnærming</b>                             | <b>5</b> |
| 4.1      | Metode                                        | 5        |
| 4.2      | Aktivitets- og framdriftsplan                 | 5        |
| <b>5</b> | <b>Utførande revisorar</b>                    | <b>7</b> |
| <b>6</b> | <b>Honorar</b>                                | <b>8</b> |

# 1 Innleiing

## 1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet i Etne kommune har i møte 18.11.2013 valt å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt om "VA-området". I møtet fekk i tillegg kontrollutvalsleiaren mynde til å godkjenne prosjektplanen utanom fastsatt møtetidspunkt. KPMG kan dermed raskt setje i gong med forvaltningsrevisjonen.

## 1.2 Bakgrunn

Tenesteanskaffingar er eit tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015, som vart vedteke i kommunestyret 26.11.2012. VAR-området var ikkje prioritert, men utvalet står fritt til å velge mellom alle identifiserte tema som står nemnt i planen.

## 1.3 Førebuingar

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan, som oppstiller relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen med utgangspunkt i kommunen sin Plan for forvaltningsrevisjon. Samarbeid og dialog med kontrollutval og kommuneadministrasjonen i førebuingssfasen er viktig, dette for å sikre at det vert tatt utgangspunkt i relevante og vesentlege problemstillingar.

I planleggingsfasen har det vore prosess med kontrollutvalet (møte 18.11.2013) der ramme, føringar og moglege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen er drøfta. KPMG vart i møte beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, og eventuelle avgrensingar og ressursbruk.

Som ledd i førebuingane av prosjektet har KPMG i tillegg gjennomført fylgjande aktiviteter i planleggingsfasen:

- Samtale med tilsette i Etne kommune som har kjennskap til VAR-området i kommunen. Føremålet har vore å få innspel og synspunkt på arbeid som vert gjort på det området i kommunen og ev utfordringar.
- Samtale med medlem i kontrollutvalet
- Samla inn og gjennomgått dokumentasjon frå kommunen. Det er hovedsakeleg tale om dokumentasjon knytt til politiske saker, planar og rutinar som kommunen har, avisklipp som belyser temaet mm.

### 1.3.1 Om VA-området i Etne kommune

*Under er ei kortfatta og overordna skildring av VA-området i Etne kommune. Skildringa gir ikkje eit uttømmende bilete av kommunen sitt arbeid på dette området og skildringa er ikkje verifisert av kommunen. Skildringa gir soleis eit førebels bilete.*

I årsmeldinga i 2011 rapporterte eininga *Drift og vedlikehald* om store utfordringar innan vatn og avlaup som vil krevje auka fokus og store investeringar. Det ville mellom anna vere naudsynt med oppgradering på installasjonar og reinseanlegg. I nesten alle intervju KPMG gjennomførte i forbindelse med plan for forvaltningsrevisjon kom vassforsyninga i kommunen opp som eit utfordrande område i kommunen.

Sidan den tid har kommunen fått på plass ein hovudplan for vassforsyning og i tillegg har dei bevilga midlar til å gjennomføre mange av dei tiltaka som er blitt avdekket i planen, men dei er endå i oppstartsfasen. Kommunen skal og få ein tilsvarende plan for avlaup. Avlaup er eit området som det må bli tatt tak i, men på grunn av at kommunen har nok å gjere på vann for augeblikket - og at det er omfattande arbeid å få på plass ein plan - har arbeidet blitt utsett. Kommunen håpar å ha ein plan klar i løpet av 2015.

Eininga har og utfordringar knytt til kart og oppmåling. Problemet er hovudsakleg at dei ikkje har eit kartverk som er tilstrekkelig oppdatert. Det er mellom anna svært viktig/tidsbesparande når ein skal leggje eller reparere røyr. Det er og eit problem at eininga ikkje har lukkast med å etablere eivaktordning på vatn og avlaup. Problemet er blitt handtert ved at dei tilsette gjer ein stor, frivillig innsats. *Det blei bevilga penger til ei vaktordning i budsjett 2014.*

Basert på vår gjennomgang av VA-området er det sjølvkost som peikar seg ut som det mest aktuelle temaet i ein forvaltningsrevisjon. Når det gjeld sjølvkost så har gebyra auka ganske mykje dei siste åra. Det skuldast at område lenge har vore nedprioritert, og det er fyrst den siste tida det er blitt tatt tak i. Derfor har aukinga sine naturlege forklaringar. I følge KOSTRA var gebyrinntektene 76 % av selvkostgrunnlaget. Kommunen vedtok i 2011 å heve gebyrene slik at dekningsgraden i 2012 er 100 %.

I K.sak 026/07 vedtok kommunen at forskrifta om kommunale vass og kloakkgebyr gjeld frå 01.01.2008 av.

Etter lov om kommunale vass og kloakkavgifter § 2 skal avgiftene vere: "eingongsavgifter for tilknytning og årlege avgifter." I Etne kommune er dei årlege avgiftene samansatt av ein fast og ein variabel del:

- Eingongsavgifta skal dekke kostnader som kommunen har med utbygging av kommunalt nett og anlegg, og dermed sikkerstilling av transport av trygt og sikkert vatn til abonnentane.
- Den faste delen (abonnementsgebyr) skal dekkje faste kostnader som kommunen har med å legge til rette for produksjon og transport av vatn og med å handsame og transportere kloakk. Døme her er vedlikehald av leidningsnett og oppgradering av reinseteknikken. Dette er kostnader, uansett produsert mengd, altså kostnader som er knytt til tilrettelegging og forsyning av reint vatn i samsvar med krava i drikkevassforskrifta og kostnader pga. tilrettelegging av frakt og handsaming av kloakkvatn.
- Den variable delen av avgiftene skal dekkje kostnader som kommunen har med sjølve vassproduksjonen. Det kan vere straumkostnader til pumper eller oppdimensjonering av leidningsnettet. Dersom abonnentane har vassmåljar, betaler dei etter målt forbruk. Dersom abonnentane ikkje har vassmåljar, betaler dei etter stipulert forbruk, utrekna etter storleiken på bruksareal etter NS 3940.

*Etne kommune opererer i 2013 med eit fast gebyr på vatn og kloakk på 5 575 kroner inkludert moms. I tillegg kjem eit forbruksgebyr (den variable delen).*

I ein artikkel i Grannar frå hausten 2013 er det fleire som står fram og meiner at kommunen har ein uholdbar gebyrpraksis på vatn og avlaup. I Etne kommune er det slik at mange offentlege bygg og næringsbygg berre betalar for ei eining sjølv om eigedommen kanskje består av fleire einingar, medan andre utleigarar må betale avgifter for kvar seksjonerte eining. Dei som har uttalt seg i Grannar meiner og at det faste gebyret er sett for høgt og at den variable delen burde vore høgare.

I 2010 mottok Etne kommune ei klage på praksisen ved innkrevjing av vass- og kloakkavgift. På bakgrunn av klagen vart det bestemt i K-sak 028/10 at ein komité som skulle sjå på dette, og at resultatet av gruppa sitt arbeid skulle leggjast fram som sak i kommunestyret i september same året. Prosjektet er avslutta men noko resultat frå arbeidet er endå ikkje blitt lagt fram. Til Grannar hausten 2013 uttalte fungerande einingsleiar for drift og vedlikehald at: *"Ting er på gang, men på grunn av stor arbeidsmengde kan eg ikkje gi ein eksakt dato for når eit forslag til nye retningslinjer kan verta lagt fram som politisk sak".*

## 2 Føremål, problemstillingar og kriteria

### 2.1 Føremål og avgrensingar

Føremålet med denne forvaltningsrevisjonen er å sjå på VA-området i kommunen med fokus på sjølvkost, herunder om kommunen har etablerte rutinar på området. I rapporten vil vi mellom anna greie ut korleis gebyra er utforma og sjå på korleis gebyrnivået er i Etne samanlikna med andre kommunar. Sentralt vil det vere å undersøke om kommunen etterlever bestemmelsar i lover, forskrifter og retningslinjer og vi vil sjå på korleis kommunen har tenkt å møte eit aukande vedlikehalds- og investeringsbehov.

Det er svært viktig at kommunen har eit velfungerande vatn- og avlaupsnett, som vert halden vedlike og fornya. Manglar ved installasjonar og infrastruktur knytt til vatn og avlaup vil generelt utgjere ein fare for driftsbrot, uforutsette hendingar som brot på leidningar, mellombels vassmangel for innbyggjarar, utfordringar i høve kvalitet på drikkevatt mv. På dette området har kommunen eit stort behov for investeringar og rehabilitering i nettet med store kostnader framover. Dersom vi avdekkar forbetringspunkter eller framtidige utfordringar som kommunen kan risikere å møte på, så vil rapporten synleggjere dette. Vi vil i den forlenging kome med forslag til tiltak.

Denne forvaltningsrevisjonen er avgrensa mot, og vil fylgjeleg ikkje inkludere, renovasjon. Etne kommunen er knytt til ei interkommunal ordning der kommunen kjøper renovasjonstenester frå Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM).

### 2.2 Problemstillingar

Hovudproblemstilling:

***I kva grad har kommunen etablerte rutinar knytt til utrekning, fakturering og rapportering av sjølvkost på VA-området?***

Herunder vil vi besvare fylgjande underproblemstillingar:

- Korleis er gebyrregulativene for vatn- og avlaupstenestene utforma?
- I kva grad er kommunen sine utrekningar og rapporteringar av sjølvkost innanfor vatn og avlaup i tråd med bestemmelser i lover, forskrifter og retningslinjer?
- Korleis har kommunen planlagt å møte eit aukande vedlikehalds- og investeringsbehov med omsyn til sjølvkost?



## 3 Revisjonskriteria

### Innleiing

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normar som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Ved val av revisjonskriteria vert det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

Aktuelle kjelder til å utleie revisjonskriteria vil kunne vere:

#### ■ **Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg**

- I loven går det mellom anna fram at nye vass- og avlaupsanlegg skal vere eigd av kommunar. Eigarane av fast eigedom som er tilknytt vass- og avlaupsleidning skal betale gebyr til kommunen. Det er kommunen sjølv som set storleiken på gebyra i kommunen, som dei fastset i forskrift. Forskrifta innheld og reglar om gjennomføring av gebyrvedtaket og innkreving av gebyr.

#### ■ **Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)**

- Denne lova har til formål å verne det ytre miljø mot forureining og å redusere eksisterande forureining, å redusere avfallsmengd og å fremme ein bedre behandling av avfall.
- Loven skal sikre ein forsvarlig miljøkvalitet, sånn at forureining og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturen sin evne til produksjon og selvfornying.

#### ■ **Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 16-1**

- Kapittel 16 i forurensningsforskriften omhandlar kommunale vann- og avlaupsgebyr. I forskrifta står det at kommunale vass- og kloakkavgifter ikkje skal overstige kommunen sine naudsynste kostnader. Ved utrekning av sjølvkost bør kommunane til ei kvar tid legge dei gjeldande retningslinjene til grunn.

#### ■ **Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester H-2140**

Kommunal og regionaldepartementet, kommunalavdelingen 2003

- Bakgrunnen for retningslinjene var at det var ynskjeleg å forestå ei klargjering av innhaldet i, og praktiseringa av sjølvkostprinsippet. Rapporten inneheld mellom anna forslag til hovudprinsipper som bør ligge til grunn ved utrekning av sjølvkost.

#### ■ **Brev 6. mai 2008 fra Kommunal- og regionaldepartementet til kommunene "Kommunens årsregnskap – framføring av underskudd i selvkostregnskapet"**

- Ettersom det tidlegare eksisterte ulike syn på korleis framføring av underskot i sjølvkostrekneskap skal håndterast i kommunen sendte Kommunal- og regionaldepartementet ut eit brev til alle kommunane der dei gjorde greie for departementet si forståing av regelverket.

#### ■ **VA-norm**

- Etne kommune nyttar VA-normen som generelle bestemmelsar i arbeidet med VA. VA-norm har som mål å gjere det enkelt for alle aktørar å finne ut kva som er kommunen sine krav til VA-tekniske anlegg. VA-normen inneheld tekniske krav som kommunen har vedtatt for å sikre den tekniske kvalitet med omsyn til overordna målsetting i planar og rutinar når kommunen skal eige, drive og vedlikehalde anlegget.

#### ■ **KS standard abonnementsvilkår**

- I kommunen gjelder disse vilkåra som administrative bestemmelser. Disse er utarbeida for å ivarta ansvarsforholdet mellom kommunen og den enkelte abonnent i samband med tilknytning til offentleg vass- og avlaupsanlegg.

## 4 Tilnærming

### 4.1 Metode

I første omgang vil vi samle inn det kommunen har av dokumentasjon som er relevant i høve til temaet i denne forvaltningsrevisjonen. Dokumentasjon vil videre bli samanstilt og analysert opp mot revisjonskriteria.

Det vil og bli gjennomført intervju med tilsette i kommunen som har kjennskap til - eller som jobbar med - VAR-området. Det kan til dømes vere leiar for drift og vedlikehald, tilsette i eininga, rådmann, økonomisjef mm.

Ved gjennomføring av intervju vil det bli utarbeida intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skrive referat som vert sendt respondenten(e) til verifisering (gjennomlesing og evt korrigerings). Svar frå respondentar vil bli analysert og samanstilt med øvrig dokumentasjonen. Funn vil deretter bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

### 4.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan. KPMG ber om at vår aktivitets- og framdriftsplan vert unnateke offentlegheit, då den syner KPMG si disponering av ressursar.

## 5 Utførande revisorar

### 5.1.1 Team KPMG

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av:

**Partner** Willy Hauge

**Prosjektleder** manager Unni Sørensen

**Prosjektdeltakarar** (kjerneteam)

- Manager Kari Hesjedal
- Senior associate Ingvill Strand

## 6 Honorar

Pris iht. avtale

**Kontakt oss:**

**Willy Hauge**

**Partner**

**T** +47 40 63 96 63

**E** [willy.hauge@kpmg.no](mailto:willy.hauge@kpmg.no)

**Unni Sørensen**

**Manager**

**T** +47 40 63 93 86

**E** [unni.sorensen@kpmg.no](mailto:unni.sorensen@kpmg.no)

**[kpmg.no](http://kpmg.no)**

© 2014 KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

The information contained herein is of a general nature and is not intended to address the circumstances of any particular individual or entity. Although we endeavour to provide accurate and timely information, there can be no guarantee that such information is accurate as of the date it is received or that it will continue to be accurate in the future. No one should act on such information without appropriate professional advice after a thorough examination of the particular situation.

The KPMG name, logo and "cutting through complexity" are registered trademarks or trademarks of KPMG International Cooperative ("KPMG International").





| SAKSGANG        |          |            |
|-----------------|----------|------------|
| Utval           | Møtedato | Saksnummer |
| Kontrollutvalet | 10.02.14 | 05/14      |
| Kommunestyret   |          |            |

| Saksansvarleg:  | Arkivkode: | Arkivsak: |
|-----------------|------------|-----------|
| Odd Gunnar Høie | 217        |           |

## OPPFØLGING AV RAPPORT FRÅ FORVALTNINGSREVISJON – ØYANE ASVO AS

**Vedlegg:**       utskrift frå styrehandsaming i Øyane ASVO, sak 56/13

### Bakgrunn:

Rapport frå forvaltningsrevisjon av Øyane ASVO AS blei handsama av kontrollutvalet på møte 13.05.13. Kommunestyret handsama rapporten den 18.06.13 og gjorde følgjande vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

*Etne kommunestyre har merka seg det som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten om Øyane Asvo AS og vil be styre for selskapet arbeide vidare med revisor sine tilrådingar til betring av styring og drift av selskapet.*

*Styret blir bedd om å gje kontrollutvalet ein rapport om status for arbeidet innan 31.12.13*

### I rapporten kom revisjonen med følgjande tilrådingar:

*Under problemstilling 1 og 2 har revisjonen peika på desse hovudpunkta:*

- *Investering i nytt bygg og nye fasilitetar. Det blir peika på manglande avgjerdsgrunnlag og manglande styring.*
- *Økonomi/daglig drift. Det blir peika på fleira manglar, til dømes manglande kostnadsfokus, dårlig nytta maskin og bilpark, manglande oversikt og administrative rutinar, samt manglande informasjon til styre.*
- *Sårbarheit overfor konjunktursvingingar. Det blir peika på få og store kundar, og eit urealistisk prognosearbeid.*

*Under problemstilling 3 og 4 har revisjonen peika på desse hovudpunkta:*

- *Eigarstyring. Det blir peika på at aksjeloven har i hovudsak blitt følgt. Det har vore lite fokus på eigenkapitalen. Hovudaksjonær burde vore ein meir aktiv eigar.*
- *Selskapsstyring. Det blir peika på at styret har i periodar ikkje følgt opp sitt ansvar. Avgjerdsgrunnlaget for investeringane i 2009 var mangelfulle. Etter 2011 har dette fungert noko betre.*
- *Administrativ styring. Det blir peika på at styringa av selskapet fram til 2011 ikkje var fullt ut i tråd med aksjeloven. Frå hausten 2011 har ein ryddeprosess betra situasjonen.*

*Under problemstilling 5 har revisjonen peika på desse hovudpunkta:*

- *Pågåande oppryddingsprosess. Mange konkrete tiltak har blitt gjort. Særskilt tiltak for å styrke styringa og redusere kostnader.*
- *Rekneskapen viser framleis ein pressa situasjon. Kostnader og kortsiktig gjeld er betydeleg redusert.*
- *Revisjonen tilrår ein grundig økonomisk analyse av selskapet.*

**Saksorientering:**

Sekretariatet fekk i e-post 31.01.14 vedlagte utskrift i sak 56/13 frå handsaming av rapporten i styret til Øyane ASVO. I vedtaka heiter det:

1. *Styret er kjend med at administrasjonen har gjennomgått kontraktar og rutinar med tanke på å driva meir kostnadseffektivt. Dette gjeld både inntekts- og utgiftssida. Styret har fokus på å skaffa meir stabile inntekter.*
2. *Styret og dagleg leiar meiner at det ikkje er behov for vidare eksterne analysar. Ein meiner å ha rimeleg god oversikt over kor skoen trykkjer. Dersom eigarane likevel ønskjer ein slik analyse, har ikkje styret noko mot det. I tillegg til å styrkja drifta resultatmessig, vil styret leggja opp til dialog med banken og eigarane med tanke på å få ned kapitalkostnadene og eventuelt få styrkja eigenkapitalen.*
3. *Styret har sjølv utarbeidd styreinstruks.*
4. *Styret er instilt på at det må arbeidast vidare med dei tiltaka som er nemnde i dette punktet. Når det gjeld instruks for dagleg leiar er den utarbeidd og sett i kraft.*


I styrepapira går det fram at gjennomgangen av rapporten har tilført styret og daglig leiar kunnskap om ein del feil som tidligare var gjort, og at dei er innstilte på å ta lærdom av dette. Styret har vurdert tilrådingane og sekretariatet viser til vedtaket ovanfor.

Utvalet må ta stilling til om ein meiner seg nøgd med styret si tilbakemelding eller om ein vil be selskapet om ytterligare informasjon/tilbakemelding.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:**

Etne kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Øyane ASVO AS når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport til orientering.

Aksdal, 10.02.14



Odd Gunnar Høie

Rådgjevar/utvalssekretær



### Kva-saka-gjeld

Etter oppdrag frå eigarkommunane Vindafjord og Etne har KPMG føreteke selskapskontroll for tida 2009 – 2011 i Øyane Asvo A/S og utarbeidd rapport etter gjennomgangen. Gjennomgangen viser at styret og dagleg leiar ikkje gjorde god nok jobb i samband med flyttinga frå Engeleiren til Tongane. Dette gjeld også i noko grad eigarane. Selskapet gjorde store investeringar og sette seg i stor gjeld utan strategiske vurderingar før investeringa og nødvendige tydelege styrevedtak. Eigenkapitalen vart heller ikkje auka i samband med dette.

### Styret og leinga si behandling av rapporten så langt

Styret har fleire gonger drøfta rapporten, m.a. under styresamling 211113, og det er gjennomført nokre konkrete tiltak. Det er utarbeidd og vedteke styreinstruks og instruks for dagleg leiar.

Gjennomgangen av rapporten har tilført styret og dagleg leiar kunnskap om ein del feil som tidlegare er gjort, og er instilte på å ta lærdom av dette.

Styret er nå mest oppteken av det som er sagt i rapporten om den vidare drifta.

Det vert der peika på desse tinga som er blitt betre i slutten av perioden som er gjennomgått:

- Det er skaffa oversikt
- Eksterne avtalar er gjennomgått
- Tett, open og strukturert dialog mellom selskap og eigarar
- Styre og dagleg leiar med relevant kompetanse
- 50/50 eigarskap Etne/Vindafjord
- Meir dokumentasjon på strategiske vurderingar. Meir formelle og informative styreprotokollar

KPMG har gitt nokre konkrete tilrådingar om kva som bør gjerast vidare.

Tilrådingane vert viste i pkt. 1 – 4 . Etter kvart punkt viser styret sitt vedtak/uttale i *kursiv*:

1. Selskapet må anten ha ein markant auke i inntektene som er stabil over tid, eller redusere kostnadene endå meir, då investeringa på kr. 25. mill i 2009 vart gjort på grunnlag av ein eigenkapital på 10%.

*Vedtak: Styret er kjend med at administrasjonen har gjennomgått kontraktar og rutinar med tanke på å driva meir kostnadseffektivt. Dette gjeld både inntekts- og utgiftssida. Styret har fokus på å skaffa meir stabile inntekter.*

2. Eigarane bør vera pådrivarar for å få gjennomført analysar av den økonomiske situasjonen som grunnlag for ein strategi for det vidare arbeidet i selskapet. Viktig å få analysert eigenkapitalbehov. Dersom det ikkje er realistisk å oppnå ei balansert drift med utgangspunkt i kostnadsreduserande tiltak og nøkterne prognosar for inntektssida, må ytterlegare tiltak på likviditetssida vurderast. (omstrukturering av lån og fordringar og styrking av eigenkapital.

*Vedtak: Styret og dagleg leiar meiner at det ikkje er behov for vidare eksterne analysar. Ein meiner å ha rimeleg god oversikt over kor skoen trykkjer. Dersom*

*eigarane likevel ønskjer ein slik analyse, har ikkje styret noko mot det. Tillegg til å styrkja drifta resultatmessig, vil styret leggja opp til dialog med banken og eigarane med tanke på å få ned kapitalkostnadene og få styrkja eigenkapitalen.*



3. Fastsetje instruks for styret sitt arbeid, og at styret skal gjere greie for selskapety si styring og leiing i ein årsrapport.

**Vedtak:** *Styret har sjølv utarbeidd styreinstruks.*

4. Tiltak for å redusera risikoen
  - Breiare kundegrunnlag
  - Arbeida for å inkludera risikodeling – ansvar for svinn
  - Arbeida for å vidareutvikla avtalar og kunderelasjonar som gir så forutsigbare føresetnader for selskapet som råd er
  - Styrka arbeidet med prognosar og produksjonsplanleggjing
  - Dagleg drift bør vera gjenstand for sterkare grad av formell kontroll frå styret – instruks for dagleg leiar

**Vedtak:** *Styret er instilt på at det må arbeidast vidare med dei tiltaka som er nemnde i dette punktet. Når det gjeld instruks for dagleg leiar, er den utarbeidd og sett i kraft.*